



LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 07.05.2018
Vår ref.: 2018/10865-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Varsel om synfaring - gnr. 134 bnr. 264 Hilland - Lindås

Me viser til brev datert 19.04.2018, saka gjeld søknad om arealoverføring mellom gnr. 134., bnr. 264. og gnr. 134, bnr. 116. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt mynde innan kulturminnevern.

Ansvarleg søkjar opplyser om at arealet som søkast overført ikkje skal endre bruk, men at delar av arealet ønskes nytta til parkering.

Ut i frå våre arkiv er det ikkje kjente automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor det aktuelle arealet, men delar av området har topografiske trekk som gjer at det er potensial for nye funn frå steinalder. Det er difor naudsynt med ei synfaring før me kan gje fråsegn til tiltaket. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er påkravd med ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova §§ 3 og 11. Synfaringa vil verte gjort så raskt som råd.

Hordaland fylkeskommune ber om at kommunen ikkje fattar vedta i saka, før me har gjeve endeleg kulturminnefagleg fråsegn.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølsted
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.